

Imponert over fjelltoppane våre!

30.04.2014

Som ein del av programmet på Combo sist helg, vart det arrangert flotte toppturar både lørdag og søndag. Dei tilreisande deltakarane var storleg imponert av dei flotte fjella våre, ja, så begeistra at dei var heilt i skyene då dei reiste heim, - enten det var til Sauda, Stavanger eller andre stader.

Lørdag gjekk turen til Geitadalstind, og søndag gjekk deltakarane forbi Omnatind og vidare til heimste Bjørndalstind. Frå toppen kjørte dei den såkalla Bestefarslåmo ned til Øvre Myrdal. Begge turane var vidunderlege opplevingar i det strålande veret.

På begge turane var det med ca. 20 deltakarar, og det vert rekna som max kapasitet på slike opplegg.

Frå ein av deltakarane har vi motteke det vakre bildet øverst. Det er teke då gjengen var på veg til Geitadalstind lørdag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.